
Saknr: 2020/41557-20
Saksbehandlar Sissel Espe
Dato: 11.09.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for kultur, integrering og mangfald

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Jobbsjansen-grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege

Fylkeskommunen har overteke seks område på integreringsfeltet frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) frå 1. januar 2020, jf Meld. St. 6 (2018-2019)

Dette gjeld følgjande oppgaver:

- busetting av flyktningar
- kvalifiseringsarbeidet,
- førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- samarbeid med regionale sektorstyresmakter og fylkeskommunar, frivillighet og samfunnsdeltaking
- to søkbare tilskotsordningar :
 - mentor- og traineeordning
 - etablereropplæring for innvandrara
- samhandlingstiltak med kommunane om grunnskuleopplæring
 - jobbsjansen del B

Det overordna målet i den nasjonale integreringspolitikken er rask kvalifisering av flyktningar gjennom arbeid og utdanning. Oppgaveoverføringa og innhaldet i oppgåvene utfordrar fylkeskommunen på tverrsektorielt samarbeid, og gir handlingsrom for utforming av regional politikk, men og klare forventingar om resultat.

Jobbsjansen- grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege

Tilbodet skal bidra til betre grunnskuleopplæring for innvandrarungdom i aldersgruppa 16-24 år. Målet med ordninga er å kvalifisere deltakarane til vg1 og å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring for innvandrarungdom. Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg grunnlag, høyrer inn under målgruppa. Vestland fylkeskommune har fått 9,7 mill. kr basert på talet på innvandrara i fylket. Vilkår og retningsliner for ordninga vert presentert i denne saka. Gjennomføring skal skje etter vedlagt plan.

Saksutgreiing


Viser til vedtak i sak 41557-6:

1. Fylkesutvalet løyver 9,7 mill. kr til Avdeling for Opplæring og kompetanse til gjennomføring av ordninga Jobbsjansen del b etter dei vilkår og retningslinjer som ligg føre i denne saka.

2. For Fylkesutvalet er det viktig at tiltaka i Jobbsjansen del b vert gjennomført etter ein plan, og ein ber om at ein slik plan vert referatsak i junimøtet til Hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse.

3. Fylkesutvalet forventar at planen viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd planen for utvikling av tilbodet av kombinasjonsklasser i Vestland. Tilbodet i 2020 - 2021 er vidareført i tråd med tilbodet som var førre skuleår. Desse skulane i Vestland har per no tilbod , totalt 110 elevar.



Vestland fylkeskommune arbeider no for eit digitalt søkbart tilbod for heile fylket og at inntaket må skje i tett dialog med kommunane. Søkjarane søker på eit opplæringstilbod og ikkje på ein skule. Fylkeskommunen vurderer så i samråd med kommunane kvar vi skal tilby klassane.

Dersom det ikkje vert oppretta tilbod ved nokre vidaregåande skular vil aktuelle deltakarar få tilbod om vg1 eller kombinasjonsklasser ved andre skular.

Resultatoppfølging

Avdeling for opplæring og kompetanse gjennomfører kvart år ei evalueringssamling i november, og til denne samlinga vert det lagt fram ei oversikt med oppdaterte tal på gjennomføring, og det vert presentert vidare inntak av tidlegare elevlar i kombinasjonsgruppa. Her ser ein på kva ynskje/tilbod elevane får inntak til etter gjennomført kombinasjonsgruppe, om dei får lærlingplass, og om dei fullfører innan normert tid.

Plan om felles ordinært inntak for kombinasjonsklasser i heile fylket.

Skuleår 2020-21	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge behov for fleire kombinasjonsklasser • Få fram statistikkgrunnlag på innvandrardom mellom 16 og 24. Dei med ungdomsrett i vidaregåande skule og som treng meir grunnskule • Invitere kommunar inn • Reforhandle samarbeidsavtalar p.g.a kommunesamanslåingar • Gå i dialog med nye kommunar • Inngå nye samarbeidsavtalar • Få starta nye tilbod • Evalueringssamling kvart år
2021-2022	<ul style="list-style-type: none"> • Profilere tilbodet vidare og gå i dialog med nye kommunar • Få starta opp nye tilbod
2022-2023	<ul style="list-style-type: none"> • Profilere tilbodet vidare og gå i dialog med nye kommunar • Få starta opp nye tilbod

Samandrag:

Jobbsjansen del b skal sikre meir grunnskoleopplæring for ungdom i aldersgruppa 16-24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Vedlagt plan viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen har eit budsjett på 13 500 000 kr. i 2020. **9 700 000 kr** er overført frå staten og det er sett av **3 800 000 kr** som eigendel frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane (sjå plan)

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: relevant, men ikkje omtalt i planen

Regional planstrategi: relevant, men ikkje omtalt i planen. Det er viktig å få fram behovet for ulik arbeidskraft i Vestland, slik at vi kan gje relevant karriererettleiing og seie litt om kva behov næringslivet har fram i tid. Forventa resultat for denne gruppa er at dei gjennomfører vidaregåande opplæring og at vi får dei som aktive samfunnsborgarar i arbeidslivet seinare.